



Svar på høyring, kommunedelplan for oppvekst 2023-2034, frå Lindås barnehage

s. 44- Tidleg innsats

«Utfordring: Behov for fleire vaksne i grunnbemanning i barnehage og skule, saknar å ha støttepedagogar til førebyggjande arbeid i barnehage, behov for auka tilbod om rettleiing til foreldre»

Denne støttar SU i Lindås barnehage. Vi skulle gjerne sett at samfunnsdelplanen tok dette på alvor og syna ei satsing for å få til dette. Å vente på at plantid skal dekkast inn i 2025 opplevast ikkje som godt nok. Den bør vera med i budsjettarbeidet for 2023. Det hadde bidrege til å nå mål om inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø.

s. 45- Digitalisering av sektoren

«Utfordring: Saknar Vigilo i barnehage, økonomi til å oppdatere slitt utstyr, "tunge" gamle system, manglar noko opplæring, kompetanse i digital kommunikasjon.»

SU i Lindås barnehage støttar denne. Vigilo er sterkt sakna i kommunikasjon og samarbeidet mellom barnehage og skule.

s. 49- Barnehagane i Alver

SU saknar at det står noko om målsetjing for dei kommunale barnehagane, utover det som er henta frå Rammeplanen. Det vert jobba systematisk og godt med språk, sosial kompetanse, leik og inkludering i dei kommunale barnehagane. Dette saknar vi at kjem fram i planen. Generelt det å fremja barnehagen som ein viktig del av utdanningsforløpet, samt at tidleg innsats startar i barnehagen, kan med fordel synleggjerast i større grad, etter vår meining. For skule er dette tydleggjort.

s. 65- siste avsnitt

«Alver kommune ser behovet for å utvikle ei felles retningsline for måltid i barnehage, skule og SFO med fokus både på organisering og innhald. Dette er lagt inn som eit tiltak i handlingsdelen, og er planlagt gjennomført innfor eksisterande ramme.»

SU i Lindås barnehage skulle ønska at målsetjinga for mat og måltid i barnehagen var meir ambisiøs enn å utarbeide felles retningslinjer innan eksisterande rammer.



Ønske og forventning frå foreldre om varmmat og aller helst tilsett personale på kjøkkenet. Personalet finn det utfordrande å avsjå ressursar til dette, då det heile tida vert ein prioritering mellom tid saman med borna i leik og overgangar, og å tilberede/ rydde opp etter mat. Særleg opprydding tek mykje tid vekk frå barna. SU i Lindås barnehage ønsker at det skal være ei tydlegare satsing på dette området, få tilført ressursar, slik at ein kan ivareta måla i rammeplanen, knytt til mat og måltid, på ein betre måte.

I planen står det at det skal utarbeidast like retningslinjer for måltid i skule, barnehage og sfo, innan eksisterande rammer. SU i Lindås bhg lurar på kva som ligg i dette? Kva betyr det?

«Få innsikt i matens opprinnelse, produksjon av matvarer og veien fra mat til måltid. ... Legge til rette for at måltider og matlaging bidrar til måltidsglede, deltakelse, samtaler og fellesskapsfølelse hos barna» RP, Kropp, bevegelse, mat og helse.

[Kropp, bevegelse, mat og helse \(udir.no\)](https://www.udir.no/mat-og-maltider-barneskole-og-SFO-nfr-nyorsk.pdf)
[mat-og-maltider-barneskole-og-SFO-nfr-nyorsk.pdf \(helsedirektoratet.no\)](https://www.helsedirektoratet.no/mat-og-maltider-barneskole-og-SFO-nfr-nyorsk.pdf)

6.1 Barn og unge opplever å høyre til

6.1.1 Mål og delmålstabell

«Mål: Barn og unge opplever å høyre til

Delmål: Barn og unge opplever trygge og gode relasjonar som grunnlag for vennskap

Barn og unge opplever trivnad, tryggleik og inkludering i skule, barnehage og fritid.»

Gode mål, som barnehagen langt på veg meistrar. Utfordring med bemanning i overgangar, ved tilbereding/ opprydding etter mat, i pausetid, ved møter, ved uttak av plantid, samt i endane av dagen. I desse situasjonane er barnehagen mindre bemanna og borna vert meir sårbare mtp krenking og utfordrande samspel. Mindre vaksenkontakt og mindre støtte.

6.3 Barn og unge er rusta til å møte framtida

6.3.1 Mål og delmålstabell

«Mål: Barn og unge er rusta til å møte framtida



*Delmål: Kommunen legg til rette for gode omsorgs- og oppvekstvilkår, med fokus på førebyggjande og tidleg innsats.
Alle barn og unge får støtte og rettleiing etter behov.»*

Dersom dette målet skal være oppnåeleg må barn og tidleg innsats prioriterast i større grad enn tiltaka i planen syner. Den siste setningen «alle barn og unge får støtte og rettleiing etter behov», er ikkje reell slik SU opplever det i dag.

7.1 Tiltak dei fire første åra som krev finansiering

7.1.1 Oversyn tiltak

«Setje inn vikarar ved uttak av ubunden tid, pedagogar i barnehage»

Flott tiltak! Dette er eit behov allereie, og bør behandlast i budsjettarbeidet for 2023. Dette kan ikkje vente til 2025.

7.2 Tiltak dei fire første åra som ikkje krev finansiering

7.2.1 Oversyn tiltak

Vidareføring av DUÅ i barnehage og barneskule, Dinosaurskule i barnehagen.

Flott at DUÅ og Dinosaurskule vert vidareført!

8.0 Møteplassar og team

8.1 Oversiktstabell

«Foreldrerådsmøte. Minst 2 gongar i året.»

Kan verte mykje dersom dette kjem i tillegg til 2 foreldremøter, samt SU møter gjennom året.

«Ressursteam. 1 gong i månaden»

No har barnehagen det ca kvar 3 veke. Nyttig og godt. Ufordrande å få utnytta heil tida vi har PPT tilgjengeleg, då dei er her i eit tidsrom der det er mange overgangar og det skal avviklast pauser. Kontakttida starter 9.30, før alle er komen på jobb, og avsuttast 12.30. Frå 10.30-11.30 strevar barnehagen med å få til å bruke tida fornuftig.

Anna

Barnet sin rett til å gje uttrykk for meiningane sine er skildra på s. 60. Barn og unge sine stemmer frå skulealder kjem tydleg fram i planen. Korleis er barn under skulealder sine meiningar ivaretekne i planen?



ALVER
KOMMUNE

«Beste praksis» vart snakka om i overgangen til Alver. SU i Lindås barnehage er skuffa over korleis dette vart praktisert knytt til Alver-barnehagane.

Planen er god og inneheld mange gode og fornuftige mål og tiltak. SU ser ikkje korleis mål og tiltak skal gjennomførast innan dei rammene som er i dag. Det er også for lenge å venta til 2025 med å sjå på inndecking av plantida til pedagogane.

Helsing

SU, Lindås barnehage,

v/ skrivar Hanne Haukås Solen.